



Mange røyster
– felles mål



AKSJONSKOKEBOK

Gjennom ord blir verda stor

– kampanje for nynorsk i barnehagen

Noregs Mållag er oppteke av kva slag kultur- og språkmangfald borna møter i barnehagen. Dette hefte gjev konkrete framlegg til korleis lokallaga i Mållaget kan arbeida med barnehagane lokalt.

— *Born treng bøker for å læra å lesa, for å kunne forklara seg og for å skjøna omverda. Du kan ikkje gje barn noko betre enn språk. Mat er viktig, men ord er nødvendige*”

Erna Osland, barnebokforfattar

Gjennom ord blir verda stor – kampanje for nynorsk i barnehagen

Noregs Mållag vil at born i Noreg skal møta både nynorsk og bokmål så tidleg som mogleg. Noregs Mållag meiner dei mangfaldige lokalkulturane og språkvariasjonane i Noreg ber med seg kvalitetar som det er verdt å vidareformidla i barnehagen.

Dette kampanjeheftet gjev ulike framlegg til korleis lokallaga i Mållaget kan arbeida med barnehagane lokalt. Det er allereie fleire lokallag som har gjort tiltak retta mot barnehagen. Desse laga fortel at det opplever det som svært positivt og får gode tilbakemeldingar.

Noregs Mållag ynskjer å satsa endå tyngre på barnehagefeltet og har difor laga ein nasjonal kampanje for lokallaga våre for å nå ut til barnehagar spreidd i heile landet. Vi har fleire målgrupper i denne kampanjen: Vi ynskjer å nå borna, foreldra, tilsette i barnehagen og administrasjon og folkevalde i kommunen. Alle dei vaksne er viktige premissleverandørar for den språkstimuleringa borna møter.

Det er viktig at borna vert kjende med nynorsk alt i barnehagen. Det er mykje god språkstimulering gjennom song, opplesing, forteljingar, rim og regler. I barnehagekampanjen peikar vi på at vi vil at meir av dette skal vere på nynorsk.

Born og språklæring

I 2009 gav Kunnskapsdepartementet ut eit eige temahefte som heiter: ”Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen”. Forfattarane av heftet er Anne Høigård, Ingeborg Mjør og Trude Hoel. I avsnitta nedanfor er fleire av poenga og dei faglege argumenta henta frå dette heftet. Til slutt i dette kampanjeheftet står nettadresse for kvar de kan lasta ned heftet.

At Kunnskapsdepartementet har fått laga eit slikt eige temahefte retta inn mot tilsette i barnehagen, syner at dette er eit emne som mange er opptekne av, og at Noregs Mållag er på lag med mange gode krefter når vi no vil arbeida for meir nynorsk i barnehagane.

I temaheftet vert det lagt vekt på at dei fleste born utviklar språket naturleg gjennom dei gode aktivitetane som skjer gjennom barnehagedagen. Alle dei sentrale aktivitetane er viktige for språkutviklinga hjå borna: leik, samtale og det gode samværet. Song og forteljingar har også mykje å seia for ei god språkutvikling. Borna kan til dømes ofte syngja ein tekst lenge før dei er i stand til å seia fram den same teksten.



Det er viktig at nynorsk er ein del av det språkmangfaldet som borna møter i barnehagen. Mange barnehagar arbeider mykje med språkleik og språkstimulering, men det tyder ikkje nødvendigvis at også nynorsk er inkludert i dette mangfaldet. Det er difor viktig for oss at det vert skapt eit språkmiljø i barnehagar over heile landet der også nynorsken har ein naturleg og viktig plass. Barnehagen må ha eit medvite forhold til den lokale språksituasjonen og det språklege mangfaldet i lokalmiljøet, og diskutera eventuelle praktiske konsekvensar.

Fyrst barnehage, deretter skule

”Alle barn møter nynorsk i skolen, dei bør også få kjennskap til nynorsk i barnehagen. Det får dei når dei høyrer nynorsk, derfor er det viktig med song, høgtlesing og lydbøker på nynorsk. Vaksne høgtlesarar kan kjenne seg usikre dersom dei er lite vane med å lese nynorsk, men erfaring og motivasjon kan endre dette. For mange opnar nynorsk opp for talemålsfarga høgtlesing på ein annan måte enn bokmål.”, vert det peika på i temaheftet frå Kunnskapsdepartementet.

Det vil seia at barnehagen er det fyrste organiserte møtet med skriftkulturen. Målet er at alle får god språkleg sjølvtilitt: ”Språk som ikkje er majoritetsspråk, kan vere sårbare, fordi dei er mindre i bruk, og fordi brukarane kan oppleve at dei møter negative haldningar. Barnehagen si oppgåve er å vere positiv til alt språkleg mangfald og å arbeide for at barn kan utvikle eit positivt forhold til sitt eige språk. Barn utviklar kulturell toleranse når dei vaksne er modellar for toleranse. Det kan vere spennande å syngje på andre dialektar enn sin eigen, og barn gjer det ofte, ikkje minst når dei syng songane til populære plateartistar. Det er lett å motivere barnehagebarn til å lære seg å telje på samisk eller thai, lære seg ein joik eller ei russisk regle. Når vi bruker eit språk, gir vi det positiv verdi.” heiter det i temaheftet frå Kunnskapsdepartementet.



Somme stader møter borna mykje bokmål i barnehagen, medan dei skal lære nynorsk når dei tek til i barneskulen. Både på Askøy i 2003 og i Kvinesdal i 2007 gjorde foreldre opptak til å endra opplæringsmålet på barneskular frå nynorsk til bokmål. Eit viktig argument for foreldra var at borna hadde lært bokmål i barnehagen.

Dette er også eit viktig poeng for Mållaget, og vi trur det finst fleire stader foreldra kan konstatera at barnehagen lærer ungane bokmål. Ei forklaring kan vera at bokmål er fleirtalsspråket og dermed lett og umedvite vert dominerande. Det vert også viktig å sjå at mediesamfunnet rundt borna og barnehagen trass alt ikkje speglar det språklege mangfaldet som faktisk finst i Noreg.

Barnehagekampanjen kan difor vera svært viktig for å sikra nynorsk-skular. Arbeidet retta mot barnehagane dreier seg ikkje om sidemål, målvedtak i kommunen, røysting, normering og anna som elles plar vera vanleg ved ordskifte om nynorsk. Barnehagekampanjen vender seg til alle, er inkluderande og opnar for mogleg samarbeid med nær sagt kven som helst.

Den vanskelege bøygen

Vanlege motargument mot nynorsk hjå tilsette og foreldre er: Dei kjenner seg framande for nynorsken, dei er usikre på korleis dei skriv nynorsk eller dei liker ikkje nynorsk. For oss målfolk kan dette vera vanskeleg å møte. Nettopp fordi vi ikkje ynskjer å vera moraliserande. Så blir vi sjølvutslettande i staden.

No er barnehagane lagde under Kunnskapsdepartementet, og det er gjort klart at barnehagane er ein del av utdanningssystemet. Då er borna sine rettar og behov viktigare enn dei tilsette sine eventuelle frustrasjonar og antipatiar. Denne samanhengen mellom barnehagen og skulen er viktig å peika på.

Arbeid mot barnehagane

Nokre lag har arbeidd opp mot barnehagane i kommunen gjennom fleire år, medan andre lag tek fatt for fyrste gong. Det kan uansett vera godt å skaffa seg eit oversyn over kva slag tilbod barnehagane i din kommune har.

Ta ein telefon til oppvekstkontoret og be om møte, eller be om møte direkte i ein av barnehagane i kommunen. Nokre kommunar har fellesmøte mellom styrarane, og det er kanskje også mogleg å få vera med på eit slikt møte. Føremålet må vera å finna ut mest mogleg om korleis kvardagen er i barnehagen; kva haldningar som finst hjå styrar og tilsette. Legg fram idear til tiltak. Sjå døme på brev til barnehage.

Barnehagane har fleire planleggingsdagar i løpet av året. Prøv å få møte med barnehagen før planleggingsmøtet. I temaheftet om språkmiljø og språkstimulering er det eit eige kapittel om språkmiljøet og språkleg mangfald i barnehagen. Der er det nokre spørsmål til dei tilsette om eigen barnehage. Desse spørsmåla er gode for å få fram drøfting om nynorsk og dialektane i barnehagen:

I vår barnehage

- Korleis er det språklege og kulturelle mangfaldet hjå oss?
- Korleis merkar vi at borna er interesserte i språk?
- Kva gjer vi for å utnytta det språklege mangfaldet og borna sine språkinteresser?"

Vi har også laga ei slags sjekklister for kva det er greitt å skaffa seg oversyn over. Om barnehagen har mange nynorskbøker, kan det vere andre tiltak som det er greitt å setja inn.

Sjekklister til barnehagen

- Kva for songar, rim og regler lærer borna?
- Har barnehagen nynorsk barnelitteratur?
- Les dei tilsette nynorsk barnelitteratur på nynorsk eller omset dei til bokmål?
- Korleis samarbeider barnehagane og skulane?
- Kva språk bruker barnehagen i meldingar, på plakatar og skilt?
- Kva språk bruker barnehagen i utoverretta informasjon?



- Lærer dei nynorske julesongar?
... legg gjerne til fleire punkt sjølv!

Det er også råd å få møte med barnehagestyrar eller andre i barnehagen. Der kan de ta med dykk materiellet frå Noregs Mållag og snakka om kampanjen. Dette kan også lokalavisa inviterast med på.

Arbeid mot foreldra til barnehageborn

I nokre lag er det mange småbarnsforeldre med i laget, medan andre ikkje har dei med som aktive tillitsvalde. Det kan difor vera viktig å koma i dialog med foreldra gjennom invitasjonar til lesestunder på biblioteket, oppslag i barnehagen eller gjennom foreldrekontaktane på kvar avdeling i barnehagen.

Dersom foreldre vert vane med å lesa nynorsk for borna før borna tek til på skulen, aukar sjølvsagt sjansen for at foreldra òg får meir positive haldningar til nynorsk, og at dei seinare gjerne vel nynorsk som fyrste opplæringsmål for borna når dei skal til på skulen.

Nokre kommunar har sett i gang kurs for småbarnsforeldre, slik at foreldra lettare kan hjelpa borna med heimearbeidet. Mellom anna kan foreldre få kurs i praktisk nynorsk for småbarnsforeldre – så vel i nynorsk grammatikk og språkføring som litteratur som det passar å lesa for borna. Det kan vera ei viktig sak for mållaget å ta initiativ til.

Barnehagane har også foreldremøte, slik som skulane har det. Og på desse møta kan det vera interessant å ta opp språkstimulering i barnehagen og heime hjå foreldra som emne. Ein tilsett frå det lokale biblioteket kunne halda innleiing, men dette er også eit emne der lokallaget kan be om hjelp frå Noregs Mållag, slik at Mållaget kan stilla med føredragshaldar.

Konkret sjekkliste til barnehagen frå foreldra

- Lærer borna nokon songar på nynorsk?
- Lærer borna nynorske rim, regler og songleikar?
- Har barnehagen barnebøker på nynorsk?
- Omset dei tilsette barnebøker når dei les høgt?
- Kva språk bruker barnehagen i utoverretta informasjon?

Foreldre i nynorskområde

Spørsmål som kan vera nyttige å ta opp med foreldra, er om dei veit at borna skal læra nynorsk som fyrste opplæringsmål? Kva tykkjer dei om det? Kan foreldra nynorsk? Ynskjer dei å læra litt meir nynorsk sjølve? Kan foreldra barnesongar på nynorsk? Kjenner dei til dei mange gode nynorske barnebøkene som finst?

Nynorsk er eit språk i mindretal i Noreg. Det tyder at der nynorsk er opplæringspråk i skulen, vert det endå viktigare at nynorsken er synleg i barnehagen, fordi bokmålet har så dominerande plass i NRK Super, andre media, barnebøker og i samfunnet elles.

Det er bra om Mållaget kan oppmuntra foreldra til refleksjon om kva det vil seia å ha eit mindre brukt språk som fyrste opplæringsmål. Kva er det denne



minoritetsposisjonen inneber, og korleis ein kan møte denne positivt og støtta ungene i språkutviklinga? Mange foreldre tenkjer nok at det er skulen åleine sitt domene. Men god pedagogikk inkluderer også heimen. Difor skal også foreldre lesa saman med ungene. Born som lever i lesande og samtalande familiar er godt rusta vidare både for barnehagen og skulen.

Foreldre i bokmålsområde

Dersom foreldre bur i ein bokmålskommune, kan dette vera viktige spørsmål: Veit dei at borna skal verta like flinke i nynorsk og bokmål etter at dei er ferdige på skulen? Kan foreldre nynorsk? Ynskjer dei å læra litt meir nynorsk sjølve? Kan foreldre nynorske barnesongar? Kjenner dei til dei mange gode nynorske barnebøkene som finst?

Kva kan foreldre gjera for å vera med å gje borna god språkstimulering i kvardagen? Korleis kan barnehagen og foreldre få til eit godt samspel? Dessutan kjem det heilt sikkert opp andre spørsmål knytte til språk og språkstimulering når vi snakkar med foreldre.



Arbeid mot kommunar og barnehageeigarar

Kommunen har det overordna ansvaret for at lokale og sentrale planar vert gjennomførde. Kommunen har like eins mandat til å leggja språk- og kulturpolitiske føringar. De kan be kommuneleiinga om å finna ut kva som står om språkopplæring i kommuneplanen, målbruksplanen (om kommunen har det), barnehageplanen og i dei lokale årsplanane for barnehagane. Deretter kan de arbeida for at språkopplæring i barnehagane vert teke inn som eit emne i dei nemnde planane i framtida (dersom det manglar i dag).

Be om møte med kommunen

Kontakt kommunen (politisk leiing og administrasjon) der de bed om eit møte. Målsetnaden bør vera at kommunen er med på å finna ut korleis stoda i barnehagane faktisk er, kva haldningar og praksis som rører seg hjå barnehagetilsette og foreldre, og kva som står i kommunale planar om språkopplæring i barnehagane. Diskuter tiltak. Sjå vedlegg med brev frå Suldal Mållag.

Be om møte med privat barnehageeigar

Kontakt styrar i barnehagen og/eller styret for barnehagen og be om møte. Også her handlar det om å drøfta mange av dei problemstillingane som gjeld for kommunale barnehagar. Mange kommunar har eit nært samarbeid mellom dei private og kommunale barnehagane, slik at dei tilsette og styrarane møter på felles møte og kurs.

Kontakt barneskulane

Be om møte der de drøftar same emnet. Korleis er samarbeidet mellom barnehagane og skulen? Kva samarbeid har barnehagen/skulen med foreldre til borna? Korleis kan barnehagen/skulen påverka haldningane til foreldre i rett lei? Sjå døme på brev til ein barneskule. De kan også gjennomføra eit slikt møte med det lokale Utdanningsforbundet. Sjå døme på brev til eit lokallag i Utdanningsforbundet.

Målbruksplan

Om kommunen eller fylkeskommunen ikkje har målbruksplan, kan det vera ein ide å be dei om å laga det. I vedlegget er det døme på korleis Ål kommune har formulert dei språkpolitiske måla og tiltaka for barnehagar og skular i kommunen. Gode politiske vedtak kan vera eit godt ryggstø for godt språkarbeid i kommunen. Start med å finna ut kva kommunen har av vedtak, og ta gjerne kontakt med LNK (Landssamanslutninga av nynorskkommunar) for å diskutera kva dei kan bidra med. Telefon 22 33 14 00 eller post@lnk.no eller sjå innom LNK på nettet: www.lnk.no

Utlysingar

I nynorskkommunar finst det eit strategisk grep som heilt sikkert kan påverka praksisen til dei tilsette i barnehagane. Få kommunen til å skriva at det er ein nynorskkommune og at ved elles like kvalifikasjonar vil søkjarar som kan dokumentera at dei meistrar både nynorsk og bokmål, verta prioriterte.

Tiltak

Få kommunen eller fylkeskommunen til å setja i gang tiltak, gjerne i samarbeid med lokallag og fylkeslag. Slike samarbeid kan vera forfattarturnear, innkjøp av bøker/lydbøker/teikneseriar eller kursing av tilsette i nynorsk barnelitteratur/nynorske songar. Sjå framlegg til konkrete tiltak under punkt åtte.

Pedagogiske tiltak

Dette er mange lokallag som har sett i gang tiltak med tanke på barnehagane og foreldra. Her har vi samla ei liste med gode døme og gode framlegg til tiltak. Ta gjerne kontakt med Mållaget om du ynskjer å diskutera eigne planar for tiltak.

Bokkveldar/forfattarmøte

Svært mange lokallag plar ha bokkveldar der forfattarar og bøker vert presenterte. Dette kan òg godt gjerast andsynes barnehageborna og foreldra deira. Slike bokkveldar kan lokallag samarbeida med kommunane om, både for å gjera det meir effektivt og for å finansiera tiltaket. Til dømes kan lokallag i eit område (eller fylke) organisera ein turné med ein forfattar som presenterer eit verk. Då songboka *Syng sjøl kom* i 2004, organiserte Hordaland Mållag ein liten turné der boka vart presentert og songane sungne for borna i ei rad barnehagar.

Møte om barnekultur og språk

Det er mange emne knytte til barnekultur som mange vil vera interesserte i å høyra om på eit møte eller å diskutera. Det er fleire interessante innleiarar på dette temaet, og tek de kontakt med Noregs Mållag, kan de få tips til gode namn. Det er sjølv sagt mange ulike folk og miljø som er opptekne av å gje ungene ein lokal identitet i oppveksten. Eit slikt ope debattmøte kan laget halda saman med andre organisasjonar, fagmiljø, politiske miljø i kommunen eller Utdanningsforbundet.

Lydbøker

Det er nokre bøker som også kjem som lydbøker. Ved høgtlesing for ungene er det mange som les bokmål og ikkje på nynorsk. Ved å bruka lydbøker i barnehagen får ungene høyra nynorsk. Lydbøker kan lånast på biblioteket, eller kjøpast i bokhandelen. Nettbokhandelen www.bokdykk.no har mange gode tilbod.



Songar, leik og regler

Borna er umettelege på å høyra eventyr, læra nye ord, songar og regler. Det er svært viktig at borna får oppleva dette på nynorsk. Laget kan organisera kurs i lokale songar, regler og segner for dei tilsette, eller gjera dette saman med kommunen. Eit døme er Pirion-kurs som står omtalt som eige punkt. Eller ein kan avtala å samarbeida med barnehagen og sjølv presentera lokalt kulturstoff. Sjå eigne punkt om dette.

Lokal rim- og regletradisjon

I Seljord kommune har dei laga eit eige hefte med rim og regler. Dette heftet er eit rikholdig hefte med rim og regler frå fleire kantar. Dette kan fleire ta i bruk: <http://www.seljord.kommune.no/Tenester/Tenestekatalog/Barnehage/Sprakstimulering.aspx>

«Bestemor i barnehagen»

Samisk barnehage i Oslo har kvar veke vitjing av ei samisk bestemor. Her får borna møta samisk språk gjennom soger, songar og eventyr. Tiltaket er utruleg populært, både hjå borna, foreldra og dei tilsette.

Dialektbading

Dette er eit tiltak som til liks med «Bestemor i barnehagen» krev at mållaget eller andre lokalt kan stilla med folk på dagtid. Det kan vera eit samarbeidsprosjekt mellom barnehagen og det lokale mållaget. Ideen er at barnehagar i lokalmiljøet får vitjing frå eldre folk som kan fortelja ulike soger, syngja eller lesa rim og regler på dialekt. Slik kan ungane få vita litt meir om eigen dialekt eller andre sine dialektar. Bodskapan må vera at det er bra å halda på dialekten og at det finst mange ulike dialektar over heile landet. Dette er òg eit tilbod som kan gå ut til ungane i 1. til 3. klasse i barneskulen.

Låne bøker på biblioteket

For å halda innkjøpsbudsjettet nede er det lurt å låna bøker til barnehagen på det lokale biblioteket. Få bibliotekaren til å leita fram nokre nynorske bøker kvar gong de låner bøker. Nokre barnehagar har det slik at biblioteket lagar til eigne bokkasser med bøker, som vert bytte ut med jamne mellomrom.

Kulturtilskipping i lag med andre


Mange stader i landet er det samla inn lokale segner, songar, stev eller dansar. Kva med å samarbeida med historielag, ungdomslag eller andre som driv med slikt arbeid for å få det ut til ungar, foreldre og barnehagetilsette? Det kan vere ein føremiddag med vitjing i barnehagen, ein ettermiddag på biblioteket saman med foreldra eller ei kulturtilstelling på kveldstid.

Ordleik

Mange barnehagar lagar ulike ordleikar. I Ørsta har Liadal barnehage laga ein «ordbank». Der set borna inn nye ord dei lærer, i ein bank. Seinare tek dei ut orda, og vinsten er auka ordtilfang. Dette er ein enkel og pedagogisk måte å læra borna språk på.

Læra dialektord

I Leira barnehage i Valdres lærer borna eit dialektord frå Valdres-dialekten for veka. Kvant nytt ord vert hengt opp på veggen i garderoben til borna. Når foreldra kjem for å henta borna, lyt dei også prøva å gissa kva dialektordet tyder.



Samtalar om språk

”Språkleg variasjon er eit godt utgangspunkt for samtalar om språk. Ein høyrer ofte barn ta initiativ til slike samtalar, for eksempel når dei oppdagar at jeg, æ og engelsk l tyder det same. Dersom barn lærer ord som dialekt, bokmål, nynorsk, somali, tospråkleg osv., har dei reiskapar for å forstå språkleg variasjon. Då treng dei ikkje seie at nokre språk er «annleis» eller «rare», og dei får større språkleg medvit. Kunnskap gjer oss alle tryggare.” (Henta frå Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen. Av Anne Høigård, Trude Hoel og Ingeborg Mjør. Gjeve ut av Kunnskapsdepartementet i 2010.)

Organisera kurs/samlingar for foreldra

Tilby kurs i praktisk nynorsk for småbarnsforeldre. Sjå eige vedlegg. Presentera songar og litteratur for foreldra, irekna lydbøker. Gjerne på samlingar i samarbeid med bibliotek og andre institusjonar eller lag. Sjå punktet om eigne stunder på biblioteket.

Bøker til barnehagane

I mange barnehagar er det avgrensa kor mykje ein kan nytta til bokinnkjøp. Mange lokallag kjøper inn nynorske barnebøker til barnehagane, og dette vert veldig godt motteke hjå dei tilsette. Er du på leit etter gode bøker å gje vekk? Sjå innom til dømes www.nynorskbok.no. Der er mange gode boktips.

Foreldremøte - temakveld om barn og lesing

Om korleis foreldre kan stø opp om ungene si språkutvikling - særleg ved hjelp av høgtlesing og nynorsk høgtlesing. Språkstimulering startar tidleg og leseutviklinga startar i toårsalderen.

Noregs Mållag kan stilla med føredragshaldar om lokallaget ynskjer å tilby det. Tilsette ved folkebiblioteket kan også vera ressurspersonar å spørja.

Stand

Barnehagekampanjen handlar også om å nå ut til alle som er opptekne av kva borna lærer i barnehagen og skulen. Det kan vera artig å laga ein plakatt-bukkaksjon der de kan syna fram dei gode tilboda som finst på nynorsk. Då er det viktig å syna fram alt frå Norsk Barneblad og Kulturavisa Pirion til Blåmann Barnebokklubb og Magasinett. Ting effektar frå barnebokklubben og del ut dette til ungene. Det er òg veldig bra å ha nokre av dei flotte barnebøkene for handa så folk kan få kikka i dei.

Lesestund på biblioteket

I samarbeid med biblioteket kan laget skipa til lesestund med nynorske barnebøker. Dette kan høva over heile landet. Samstundes kan de laga ei heil utstilling med nynorske barnebøker. Særleg kan det vel vera eit poeng i bokmålsstrok å syna at ungene skjønar nynorsk som berre det! Det er òg mogleg å få ein nynorsk barnebokforfattar til å koma.

Songstund på biblioteket

I samarbeid med biblioteket og gjerne barnehagen også kan laget skipa til lese- og musikkstund med nynorske barnesongar. Dette kan høva over heile landet.

Tunkatten Lurivar

Ivar Aasen-tunet i Ørsta har ein eigen formidlingsfigur som er retta mot born i barnehage- og småskulealder. Tunkatten Lurivar er ein ordspion som er oppteken av språk og nynorsk litteratur. På nettstaden, www.tunkatten.no er det språkaktivitetar og forteljingar. Utdrag frå nynorske lydbøker og forteljin-



gar om Lurivar ligg som lydfiler og eignar seg godt for born som ikkje har lært å lesa. Spesielt godt eigna er songboka som inneheld 50 nynorske barnesongar. Her kan born og vaksne høyra på songane og syngja med, og det er enkelt å lasta ned både musikk og notar. Tunkatten Lurivar sin nettstad skal vera eit enkelt hjelpemiddel til å bruka meir nynorsk i barnehage og skule.

Song for deg og meg

Song for deg og meg er ei songbok som har kome ut på Det Norske Samlaget. Song er viktig i barnehagen, og for barnehagetilsette er det viktig å ha lett tilgang til gode songar på nynorsk. Denne songboka kan vera ei fin gåve til både barnehagar og skular. Lokallaget kan gje boka i gåve, eller få anten kommunen eller den lokale banken til å kjøpa inn songbøker til barnehagane. Sjå innom www.blamannbok.no for gode tilbod. Det er fleire gode songbøker å få kjøpt. Skaff deg oversyn hjå www.bokdykk.no.

Blåmann Barnebokklubb

Denne barnebokklubben er unik! Absolutt alle bøkene er på nynorsk. Og det tilbodet er han åleine om å gje. Tilbodet i barnebokklubben er retta inn mot aldersgruppene 2-6 år og 6-12 år. Det er viktig at denne klubben vert stor og sel mange nynorskbøker til heile landet. Lokallag i nynorsk kommunar kan gjerne utfordra kommunen sin til å betala utsending av tilbod om Blåmann Barnebokklubb til alle 1. klassingane i kommunen. Laget kan tinga reklameflygeblad hjå Blåmann Barnebokklubb og dela ut til barnehagane eller skulane i kommunen. Eller de kan få kjøpt barnebøker til svært nedsette prisar som kan delast ut til barnehagane. Sjå innom nettsidene www.blamannbok.no og få eit oversyn over kor mange gode bøker dei kan tilby. For å få gode tilbod tilpassa kommunen dykkar ring 23 24 27 00 eller send e-post til blamann@blamannbok.no



Pirion

Noregs Mållag og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) har gått saman om å skipa Stiftinga Pirion som lagar kulturavisa Pirion. Dette er ei avis som særleg er retta inn mot tilsette i barnehagar og i barneskulen. Fleire lokallag betaler tingingar for Pirion til lokale barnehagar. De kan også ta kontakt med Pirion for å få aviser til å spreia i barnehagane, slik at fleire barnehagar vert medlemmer. Piron kjem ut åtte gonger i året og kostar (pr. februar 2010) 225 kroner for eit heilt år! For å tinga Pirion send e-post til pirion@norsk-plan.no eller ring 52 79 04 82 eller send faks til 52 79 04 81.

Pirionkurs

Kva skal til for å skapa ein kulturbarnehage? Kva slags kultur vil vi at borna våre skal veksa opp med? Pirionkurset rettar seg mot det pedagogiske personalet i barnehagane og har som føremål å auka refleksjonen kring barnehagen si rolle som kultur- og språkformidlar. Pirionkurset gjev idear og inspirasjon til det praktiske arbeidet i barnehagen. Fleire lokallag har saman med kommunen sin skipa til Pirionkurs. Les meir om Pironkurs på nettstaden www.pirion.no eller send e-post til: pirion@norsk-plan.no.

Bok & Beibi

På Falturiltu – nynorsk barnebokfestival på Stord i 2009 hadde dei eit eige arrangement på ein populær kafé i sentrum kalla Bok & Beibi. Dette er veldig fin målgruppetenking. Det er ein positiv strategi å oppnå alliansar med engasjerte småbarnsforeldre som etterspør nynorsk til borna sine. Ikkje minst kan det gje positive oppslag i media.

Samarbeid med barselgrupper og helsestasjonar

Eit samarbeid med den lokale helsestasjonen kan også vera ein spennande arena. Helsestasjonen samlar mødrene til barselgrupper den fyrste tida etter fødsel, og dette er ein arena der det er mange som er interesserte i å stimulera borna. Kan det med bøker vera eit eige emne på eit barseltreff? Ta kontakt med helsesøstrene på den lokale helsestasjonen.

Samarbeid med kulturskulen

Kulturskulen har mange ressurspersonar innanfor musikk og drama. Er dette ein samarbeidspartnar for Mållaget?

Nynorske songar

Det finst fleire songar og CD-ar ein kan nytta i barnehagen. På www.nynorsksenteret.no er det lagt ut fleire framlegg til lydspor på Spotify som ein kan lasta ned. Dette kan vera populært både i barnehagen og i heimen. Her kan ein syngja med på nynorsk og dialekt, og snakka om dei ulike språkvariantane. På www.tunkatten.no er det lagt ut fleire ulike songar, med noteark og lydspor i tillegg. Den populære songen "Grisen står og hylar" av Odd Nordstoga er laga som eiga teikneseriestripe. Denne kan også lastast ned på www.nynorsksenteret.no. Blant nynorskprogramma i NRK Super finn vi også fleire songfavorittar, til dømes Sauen Shaun og Timmy-songen, dei er verkeleg artige.

Bokpakke frå Noregs Mållag

Vi sit på eit lite lager med framifrå barnebøker. Vi kan pakka desse barnebøkene i bokpakker på fem bøker i kvar pakke. Lokallag i Mållaget får desse bokpakkene for 200 kroner pluss porto. Vi set saman bokpakkene på skrivebrevstova, men vi kan garantera at det er moderne og gode barnebøker.

Nynorsk for dei minste

På Nynorsksenteret si nettside www.nynorsksenteret.no er det ei eiga side som heiter: Nynorsk for dei minste. Her er det fleire gode opplegg og idear for bruk av bøker i barnehagen (i tillegg til litt eldre ungar). Her finn du også korte animasjonsfilmar som til dømes den om Kråkebollebilly som kan brukast direkte inn i barnehagen.

Kampanjeveker – tilbod til barnehagane og lokalt

I haust vert det tre kampanjeveker frå måndag 25. oktober til fredag 12. november 2010. I denne perioden vil både tillitsvalde og tilsette reisa rundt i barnehagar og i lokallag over heile landet. Då får barnehagane eit spørsmål om mållaget får lov til å koma på vitjing med materiell til tilsette, foreldre og born. Vi informerer også om at mållaget ynskjer å få til ein samtale om bruk av nynorsk i barnehagen. Nokre barnehagar får også tilbod om ei lese- eller songstund for borna. På ettermiddagen eller kveldstid prøver vi å få til eit møte med lokallaget. Det kan vera eit styremøte, medlemsmøte, bokkveld eller andre typar samlingar.

Vitjing lokalt

Vil ditt lokallag ha vitjing? Vi skal sjå kva kan få til. Ta kontakt på e-post: barnehagekampanjen@nm.no eller på telefon 23 00 29 30 eller Hege Lothe på telefon 578 65 360. (Noregs Mållag betaler reiseutgiftene)



Mediearbeid

Oppslag i medie kan gjere det enklare å kontakte både barnehagar og tilsette i kommunen. Det gjer at dei truleg veit om prosjektet før e tek kontak. I tillegg syner de fram laget i ei positiv samanheng. Her finn du nokre råd om korleis du kan gå fram for å gje ifrå deg ei sak til lokalmedia.

1. Korleis tek du kontakt?

Ta ein telefon! Presenter deg, fortel kvifor du ringer og kort kva saka gjeld. Om du ikkje får nokon respons med det same, kan du be journalisten vurdere saka og koma attende til deg.

2. Kva bør eg førebu?

Tenk gjennom kva som gjer nettopp denne saka interessant for lokalmedia. Skriv gjerne ned nokre stikkord og kva som er den viktigaste budskapen din når du skal fortelja om saka. Tenk gjennom: Kva tykkjer eg er ei god historie? Kva ville eg likt å lesa om? Kvifor er dette interessant for dei lokale lesarane? Vurder gjerne:

- Kven vedkjem det? (til dømes: Alle som er opptekne av språk i kommunen)
- Kvifor er denne saka relevant for lokalmiljøet? (til dømes: Mållaget gjev bøker til barnehagane fordi dei vil at ungene skal møta nynorsk i barnehagen)
- Kvifor er dette aktuelt no? (til dømes: Noregs Mållag skipar til ein nasjonal kampanje)

3. Kven kontaktar eg?

Dersom du allereie har kontakt til ein journalist i lokalmedia – avis, fjernsyn eller radio – kan du kontakta denne personen direkte og tipsa om saka. Eit alternativ er å kontakta vaksjef eller redaksjonssjef. Du kan ringja sentralbordet og be om å bli sett over til ein av desse. Hugs å notera namn og kontaktinformasjon (telefon og e-post) til den du snakkar med, slik at du kan følgja opp vedkomande i etterkant av telefonsamtalen.

4. Når bør eg ta kontakt?

Du bør helst ta kontakt tidleg på morgonen (før redaksjonane har morgonmøte, vanlegvis klokka 09.00), eller tidleg på føremiddagen.

5. Korleis kan eg følgja opp?

Høyr gjerne med journalisten kva du kan senda av fakta (til dømes bakgrunnsinformasjon om mållaget og barnehagekampanjen), bilete, statistikk, eller liknande. Dersom du har noko slikt materiale som kan sendast til journalisten, bør du senda dette som oppfølging per e-post rett i etterkant av telefonsamtalen.

6. Kva kan dei ta bilete av?

Føreslå idear du har til kva journalisten kan ta bilete av. Den eller dei som vil uttala seg i saka, er som regel gode biletobjekt. Tenk gjennom ein god stad bileta kan bli tekne. I ein barnehagekampanje er det til dømes veldig naturleg å vitja ein barnehage saman.

7. Korleis får dei tak i meg?

Gjer deg sjølv tilgjengeleg. Syt for at journalisten har kontaktinformasjon, til deg og gjer det klart at du er tilgjengeleg dersom dei skulle ynskja kommentarar eller meir informasjon til denne eller andre saker i framtida.



8. Lukke til!

Du har ingenting å tapa. Somme gonger får du eit ja, somme gonger eit nei. Hugs – alle media lever av gode tips og gode kontaktar i lokalmiljøet. Ikkje gje opp om du får eit nei: Om avisa ikkje gav plass til saka, kan det henda lokalradioen eller fjernsynet er interessert?

Kampanjemateriell

Til denne kampanjen vil vi lage eit knippe kampanjemateriell. Dette vil bli klart etter kvart og sendt ut til laga. Samtidig som det vert lagt ut på nettet. Dette vil vere kampanjemateriell retta inn mot borna, materiell retta i mot foreldra og informasjonsmateriell til tilsette i barnehagen.

Meld attende!

Det vert ikkje noko skikkeleg fres på kampanjen om vi ikkje veit om kvarandre! Difor vert vi på skrivarstova i Noregs Mållag veldig nøgde om de melder attende til oss om kva de har fått til, tiltak de planlegg eller flotte presseoppslag. Desse vil vi gjerne bruka til Norsk Tidend, nyhendebrevet vårt og på nettsidene til Noregs Mållag.

Norsk Tidend: kjartan.helleve@nm.no eller ring 23 00 29 32

Nettsidene www.nm.no: hege.lothe@nm.no eller ring 578 65 360



Vedlegg

(a) Døme om barnehagestrategi frå målbruksplanen i Ål kommune:

Språkpolitiske mål

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna blir i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at me har språkmedvetne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt skal nyttast i størst mogeleg utstrekning i songar, opplesing, leikar o.a.

Tiltak

- å gjera tilsette i skulen og barnehagane kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.
- å gje tilbod om tilpassa kurs minst ein gong i året.

Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skulen og i barnehagar, skal vera på nynorsk så langt råd er.

I utlysinga av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

(b) Døme på brev til kommunen:

Til Nybyen v/ ordførar og oppvekstsjef

Nybyen Mållag spør med dette om de har høve til eit møte med oss om språkopplæringa i barnehagen.

Sidan 2002 har Noreg fått ein ny språk- og kulturpolitikk: Det er ikkje lenger eit mål å føra bokmål og nynorsk saman til eitt skriftspråk (såkalla samnorsk). Tvert i mot har eit samla Storting vedteke at vi skal ha to relativt sjølvstendige skriftspråk framover.

Dåverande statsråd Kristin Clemet kom difor fram til denne erkjenninga: I dag er det stort sett elevar med nynorsk hovudmål som blir reelt tospråklege, medan elevar som har bokmål som fyrste hovudmål ikkje blir det. (St.meld nr 30, Kultur for læring, 2003-2004). Utdanningsdirektør Petter Skarheim fylgde opp og stilte dette spørsmålet: Korleis skal vi få alle elevar til å bli reelt tospråklege?

Dei siste åra har det vore ein stor auke i talet på born som er i barnehage. Det har ført til at styresmaktene har byrja sjå meir på innhaldet i barnehagen. Sommaren 2008 laga Kunnskapsdepartementet eit rettleingshefte kalla Fra yngst til eldst – sammenhengen barnehage og skole. Der peikar dei særleg på at det bør vera ein samanheng i språkopplæringa.

Eitt spørsmål kan då verta: Korleis kan barnehagane førebu borna best mogleg på den tospråklege norske opplæringa dei møter i skulen? Og korleis tenkjer dei som arbeider i barnehagen om dette? Kva seier lokale barnehageplanar om språkopplæring i barnehagen?

Ungar har i utgangspunktet evna til å læra kva språk det skulle vera. Korleis kan vi bruka denne evna til å la dei møta begge skriftkulturane våre på ein best mogleg måte?

Vi vonar de har høve eit møte med oss der vi kan diskutera mellom anna desse spørsmåla.

Venleg helsing

Kari Nordkvinne
for Nybyen Mållag

(c) Døme på brev til kommunar i Ryfylke

Til ordførar og rådmann i kommunane Suldal, Vindafjord, Sauda og Hjelmeland

Eg, Wenche Haugen Havrevoll, leiar i Suldal Mållag, har prøvd å få tak i dykk alle i dag. Eg lukkast ganske bra, men ikkje heilt. I høve av at Suldal Mållag får vitjing av Ingar Arnøy frå Noregs Mållag, ynskjer me å få til eit møte med alle dykk ordførarar og rådmenn og oss i mållaget. Innbyinga går også til dei andre lokale mållaga.

Alle kommunane våre er nynorskkommunar. Sauda er nøytral, men også der har dei berre nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Alle lokalavisene våre er redigerte på nynorsk, og nynorsk vert brukt av organisasjonar og næringsliv i kommunane. Trass i alt dette veit me at mange av skuleelevane våre byter til bokmål når dei er ferdige på ungdomsskulen (ev. i vidaregåande skule). Suldal Mållag er naturleg nok uroa over dette. Den same otten over målbyttet har styresmaktene: Så vel Kristin Clemet i Bondevik II som Djupedal/Solhjell i Stoltenberg II skriv at det er eit kulturpolitisk problem at så mange som ein



treidel av nynorskelevane byter til bokmål. Og: dei ynskjer tiltak som gjer at færre byter til bokmål. Ei av årsakene til denne stoda er målbruken utanfor våre eigne kommunar. Mest alt elevane les av litteratur, teikneseriar, filmar, vekeblad, magasin osb. er på bokmål (ev. engelsk). Det vil seia at den nynorske språkkjensla deira er under sterkt press kvar einaste dag.

Suldal Mållag ynskjer å drøfta m.a. denne saka på eit felles møte. Kva kan kommunane gjera for å minska målbyttet frå nynorsk til bokmål mellom elevane? Kan me samarbeida om tiltak som gjer det lettare for elevane å vera nynorskbrukarar? Ingar Arnøy har arbeidd med dette emnet i over tjue år og har brei og lang røynsle med målarbeid i det heile.

Alle dei eg snakka med i dag, var svært positive til eit slikt møte. Nå gjeld det å finna ein dag som passar for alle/flest mogleg:

Møtet må vera på kommunehuset på Sand, og me må ha det anten måndag 2. februar på dagtid, t.d. kl 11.00, eller tysdag 3.februar kl 12.00.

Me ynskjer at alle ordførarar og rådmenn prioriterer å koma på dette møtet sjølv. Viss det blir umogleg for nokon, ynskjer me at de sender varaordførar eller nestleiar i administrasjonen.

Det er fint om de alle sender tilbakemelding, så eg ser at brevet er kome fram. Eg må få vita om kvar einskild av dykk kan begge eller berre ein av desse dagane.

Beste helsing

Wenche Haugen Havrevoll
for Suldal Mållag

(d) Døme på brev til lokallag i Utdanningsforbundet

Til Utdanningsforbundet avd Innerbygda, v/leiar Olaug Persdotter Hamre

Førespurnad om møte: Språkopplæringa i barnehagen

Innerbygda Mållag spør med dette om de har høve til eit møte med oss for å drøfta språkopplæringa i barnehagen. Dei siste åra har det vorte mange nye barnehagar i kommunen vår. I 2008 gjekk 92,4 % av alle førskulebarn i kommunen i barnehage. Tidlegare var det mest slik at barnehagen skulle ha ei pedagogisk og sosial rolle i oppsedinga av borna. Dette har endra seg tolleg mykje siste åra: No legg stadig fleire vinn på rolla barnehagane har som førskule. Ikkje minst gjeld dette i språkopplæringa.

Vi er visse på at borna i barnehagane våre får ein god og trygg oppvekst. Likevel meiner vi det kan vera gode grunnar til å drøfta korleis vi førebur borna våre på språkopplæringa dei skal møta i skulen. Det gjeld ikkje minst korleis vi lèt borna møte både skriftkulturane. Kunnskapsdepartementet har gjeve ut eit hefte kalla Fra eldst til yngst – sammenhengen barnehage og skole. Eit godt tiltak som vi vonar skal gje føringar for språkopplæringa i barnehagen.

Såleis spør vi om de har høve til eit møte med oss der vi kan drøfta språkop-

plæringa i barnehagane våre. Mellom anna kva medlemene dykkar, dei tilsette i barnehagane, meiner og ynskjer.

Med von om at de har høve til å møta oss,

venleg helsing

Bergljot Storfossen, leiar
Innerbygda Mållag

(f) Døme på tilbod om kurs i praktisk nynorsk for foreldre:

LYNKURS I NYNORSK

- for foreldre og alle andre interesserte i Suldal.

”Heimen er avgjerande for korleis ungar greier seg på skulen.” Dette er ei kjensgjerning. Suldal Mållag og Suldal kommunale foreldreutval har invitert Ingar Arnøy, skulemålsskrivar i Noregs Mållag, til å halda kurset Nynorsk på 1-2-3. Ingar Arnøy kjem til å snakka om nynorsk som hovudmål, viktige kjenneteikn, og om korleis foreldre best kan hjelpa ungane til å bli gode språkbrukarar. Kurset er for alle som har ungar i grunnskulen i Suldal, både dei som sjølve har hatt nynorsk på skulen og dei som har hatt bokmål som hovudmål. Kurset er gratis og det blir halde på to stader. Vel dag og stad som passar best for deg. Det blir enkel servering. Kryss av for det alternativet som passar best.

Gode nettadresser

- Noregs Mållag: <http://www.nm.no/>
Noregs Mållag legg ut meir stoff om barnehagekampanjen på nettsidene.
- Tunkatten Lurivar: <http://www.tunkatten.no/>
Her finn du tips om gode bøker, forteljingar om Lurivar, ei eiga songbok, dikterverkstad, puslespel, kryssord og mykje anna.
- Blåmann Barnebokklubb: <http://www.blamannbok.no/>
Her finn du oversyn over kva som finst av nynorske barnebøker, tips til gode bøker og du finn gode medlemstilbod frå den einaste nynorske barnebokklubben.
- Pirion: <http://www.pirion.info/>
Kulturavis for barnehagar og skular. Her kan du få inspirasjon til gode tiltak i klasserommet eller i barnehagen, og du kan tinga Pirion.
- Pirionkurs: <http://www.pirion.info/>
Kva skal til for å skapa ein kulturbarnehage? Kva slags kultur vil vi at borna våre skal veksa opp med?
- Nynorske boktips: <http://www.nynorskbok.no/>
Tips om nynorske barnebøker frå Nynorsksenteret

- Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: <http://www.nynorsksenteret.no/>
Ressurssenter for nynorsk i grunnopplæringa. Her er det mykje kunnskap retta inn mot tilsette i barnehagane og i barneskulen.
- Lesesenteret: <http://lesesenteret.uis.no/>
Senter for leseopplæring, leselede, for dei med lese- og skrivevanskar. Her finn du ny forskning og mykje interessant fagleg kunnskap.
- Kulturbokhandel på nettet: <http://www.bokdykk.no/>
- Det Norske Samlaget: <http://www.samlaget.no/>
Det største nynorske forlaget.
- Selja forlag: <http://www.selja.no/>
Nynorsk forlag
- Skald forlag: <http://skald.no/>
Nynorsk forlag
- Norsk barnebokinstitutt: <http://barnebokinstituttet.no/>
Har lang og god side med peikarar til institusjonar som held på med kultur- og litteraturformidling.
- Eit nytt temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen
Les meir om dette hjå: <http://lesesenteret.uis.no/>
- Temahefte: http://www.regjeringa.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/temahefte/Temahefte%20om_spr%C3%A5kmilj%C3%B8_og_spr%C3%A5kstimulering_i_barnehagen_Nynorsk_web.pdf
- Veldig spennande nettside om språkstimulering i barnehagen
<http://www.seljord.kommune.no/nb-NO/Tenester/Tenestekatalog/Barnehage/Sprakstimulering.aspx>

Kjelder:

- Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen av Anne Høigård, Ingeborg Mjør og Trude Hoel. Gjeve ut av Kunnskapsdepartementet, 2010
- Lagshandboka til Noregs Mållag, 2002
- Nettsidene til Lesesenteret i Stavanger
- Nettsidene til Nynorsksenteret i Volda
- Nettsidene til kulturavisa Pirion

Noregs Mållag
Pb. 474 Sentrum
0105 Oslo
www.nm.no